

Gjesdal Bondelag
v / Torbjørn Madland
Brekko 178
4330 Ålgård

Brekko 17.04.2018

NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Olje og energidepartementet
Akersgata 59
0180 Oslo

Ny 420 kV-forbindelse Lyse – Fagrafjell

Gjesdal Bondelag er fortsatt undrande til plassering av ny trafostasjon i Fagrafjell. Straumbehovet er lenger nord på Stavangerhalvøya.

Fagrafjell ligg i muleg korridoren for framtidig ny E39 motorvei til Kristiansand «Jærlijnå», derfor MÅ vidare utgreiing utsetjast til E39 trase er valgt.

Fagrafjell er det sørlegaste utreda alternativet plassert på «billig» landbruksjord. Søknaden fortel i beste fall halve sannheten når den ikkje inneheld alle konsekvensane med nye linjer som kjem i området Fagrafjell og nordover på Stavangerhalvøya. Ei stor linje fram til behovet er betre enn mange små.

Fjellannlegg er eit samfunnssikkert, natur og jordvern vennleg alternativ. Derfor bør ein velje Bogafjell fjellhall om ein skal velje blant dei utreda alternativa, men alle linjer ut frå ny trafostasjon MÅ utgreiast før det gis konsesjon.

Gjesdal Bondelag ber NVE avslå søknaden da denne berre fortel halve sannheten om kraftlinjebehovet på Stavangerhalvøya. Dersom Statnett får konsesjon til Fagrafjell trafostasjon, så «fanger bordet» for kraftframføring som SKAL lenger nord, til Stavanger.

Leiar i Gjesdal Bondelag

Torbjørn Madland